

Dette var dei opprinnelige punkta etter arbeidsmøtet.

- Medlemspleie
- Kontaktpunkt for næringsliv og utvikling
- Frokostmøter
- Talerør i saker som berører næringsliv
- Grøn næringspark
- Newton senter

### **1. Medlemspleie:**

KNS er ein medlemsstyrt organisasjon. Vi skal vere tett på medlemmane våre og legge til rette for bedriftsbesøk både til medlemmar og nyetablerte selskap. Gjennom kontakt med medlemmane våre får viktige innspel vi kan jobba vidare med.

### **2. Kontaktpunkt for næringsliv :**

KNS skal vere det naturlege kontaktpunktet for både etablert næringsliv og nyetablerte, og vi skal bidra til utvikling av næringslivet i Kvinnherad.

Herunder kjem f.eks utvikling av nye arbeidsplassar knytt til det grønne skiftet.

### **3. Næringsutvikling i samarbeid med kommunen**

KNS skal i samarbeid med kommunen bidra til å skapa ny aktivitet ved å aktivt søka å finna og formidla nye arbeidsplassar, skape optimisme og framtidstru.

### **4. Nettverksbygging:**

KNS er og skal vere ein viktig organisasjon for nettverksbygging. Målet er å arrangere bransjefrukostar, næringslunsjar og andre arrangement som er med på å utvide nettverket til medlemmane vår.

### **5. Talerør i saker for eksisterande næringsliv:**

KNS skal vere bindeleddet mellom medlemsbedriftene våre og kommune/ (fylke/stat?).

Vi skal komme med innspel til politiske saker som vedkjem næringslivet.

### **6. Desentralisert utdanning og lokal kompetanseheving:**

KNS administrerer i dag Kvinnherad Studiesenter. Vi tilbyr og andre relevante kurs for næringslivet. Lokal kompetanseheving og tilbud om lokale muligheter for høgare utdanning er viktig for Kvinnherad kommune i tida som kjem. KNS ønsker å vere tilretteleggjar for dette.

Herunder kjem vidareutvikling/avklaring av Kvinnherad Studiesenter, samt prosjekt om etablering av Newton-rom.